

Austlandsver i Uskedalen

19.12.2009



Dei siste dagane har det vore bortimot austlandsver i Uskedalen med ned til 14 minus oppe i dalen og snøver etterpå - i natt og i morgontimane i dag laurdag.

Snømengdene har så langt slett ikkje vore så store som spådd - det har vore varslede så mykje som 35 centimeter.

Men Opedal har forlengst vore ute med plogen på riksvegen (biletet over) og andre ligg i høg beredskap. I båthamna er det skikkeleg vinterstemning (biletet under).



I skrivande stund - ved 12-tida - er det berre ein minusgrad nede ved fjorden og då spørs det korleis det etter kvart går med den kvite jula.

- Men det er triveleg med litt austlandsver - i det minste ved juletider, seier ein austlending til uskedalen.no

(Foto: Ola Matti Mathisen)